



FORBRUKARRÅDET

KONTRAKT VED LEIGE AV FRITIDSBÅTAR MELLOM PRIVATE

UTLEIGAR:

Namn: Tlf., privat/arbeid:

Adresse:

Postnr.: Poststad:.....

E-post:

LEIGETAKAR:

Namn: Tlf., privat/arbeid:

Adresse:

Postnr.: Poststad:

E-post: Er over 18 år: **JA** **NEI**

BÅTTYPE:

BÅTEN ER CE-MERKT (SJÅ UNDER): **JA** **NEI**

Motor: Leigetid frå og med (dato):

Reg.nr.: Til og med (dato):

Namn: Utleveringsstad:

Eiga utstyrsliste er sett opp: **JA** **NEI** Innleveringsstad:

BELØP:

Leigebeløp er: kr: pr: **døgn** **veke** **md** tot. kr.:.....

Depositum: kr: skal betalast slik: dato:.....

Resten av beløpet: kr: skal betalast slik: dato:.....

FORSIKRING:

Båten har skadeforsikring i: Polisenr.:

I tillegg er det for leigeperioden teikna forsikring i: Polisenr.:

Premie kr: Skal betalast av leigetakar Inkludert i leiga:

Båten har redningsvestar **JA** **NEI** stk. for born stk. for vaksne

Båten har fortøyingsutstyr **JA** **NEI** Båten har godkjent slokkingsutstyr for brann **JA** **NEI**

Vilkår som ikkje er nemnde andre stader Båten er tjuverisikra **JA** **NEI**

NÅR IKKJE ANNA ER AVTALT, BLIR LEIGEVILKÅRA PÅ BAKSIDA LAGDE TIL GRUNN.

Stad: Dato:.....

Utleigar si underskrift:

Leigetakar si underskrift:

LEIGEVILKÅR

1. AVBESTILLING:

Dersom avbestilling skjer innan ein månad før leigetida tek til, må leigetakaren betale ei erstatning til utleigaren som tilsvarar 10 % av det avtalte leigebeløpet.

Dersom avbestilling skjer mellom ein månad og ei veke før avtalt leigetid tek til, må leigetakaren betale 50 % av leigebeløpet. Ved avbestilling seinare enn ei veke før avtalt leigetid, må leigetakaren betale 75 % av leigebeløpet. Dersom utleigaren får leigd ut båten i leigeperioden, skal erstatninga avkortast slik at det som utleigaren får inn, skal trekkjast frå den avtalte leiga. Likevel skal leigetakaren alltid betale 10 % av leigebeløpet og eventuelle dokumenterte utgifter utleigaren har hatt utover det.

Leigetakaren må likevel berre betale 10 % av leigebeløpet dersom avbestillinga skyldast sjukdom eller dødsfall eller andre hindringar utanfor leigetakaren sin kontroll, og som han ikkje med rimelegheit kunne forventast å rekne med (force majeure).

2. MISLEGHOLD FRÅ LEIGETAKAREN SI SIDE

Dersom leigetakaren ikkje møter opp før det har gått meir enn ein dag når leigetida er over ei veke, og det skjer utan at han gir noko melding til utleigaren, fell leigeforholdet bort. I slike tilfelle skal leigetakaren betale 90 % av leiga for den første leigeveka. For seinare leigeveker skal han betale 75 % av leiga. Dersom båten blei leigd ut til andre, skal det gjerast avkorting, jfr. pkt. 1, 2. ledd, 3. punkt.

Dersom båten ved tilbakelevering er skadd utover normal slitasje, skal leigetakar berre betale erstatning dersom han har vore aktlaus. Eventuell eigenandel ved forsikringsskade skal betalast av leigetakaren. Ved forseinka tilbakelevering skal leigetakaren betale ekstra leige for den perioden som overstig avtalt leigetid. Dersom utleigaren kan dokumentere tap utover dette som følgje av forseinkinga, skal leigetakaren erstatte tapet.

3. MISLEGHOLD FRÅ UTEIGAREN SI SIDE

Dersom båten ikkje er klar til levering til avtalt tid, skal leiga avkortast med leige for ein dag for kvar påbyrja dag. Er forseinkinga meir enn ein dag ved leige inntil ei veke, eller meir enn to dagar ved leige over meir enn ei veke, kan leigetakaren velje om han vil halde fast ved eller gå frå avtalen.

Dersom båten ikkje er i kontraktsmessig stand, kan leigetakaren krevje avslag i leigeprisen. Er mangelen av alvorleg karakter, kan leigetakaren gå frå avtalen.

CE-MERKING:

Som hovudregel skal alle båtar og ulike tilhøyrande komponentar (motor, ratt, styremekanismer, drivstofftankar etc.) som blir selt i Noreg, vere CE-merkt. CE-merket skal gi tryggleik for at båten og utstyret er i samsvar med gjeldande reglar. Kjøp av båt som ikkje er CE-merkt, inneber ein tryggleiksrisiko for kjøparen. I tillegg kan det oppstå problem ved eit eventuelt framtidig sal av båten. Etersertifisering er mogleg, men vil kunne vere kostbart og omstendleg.

MEIR OM CE-MERKING



CE-merket er produsenten sin eigen erklæring om at produktet oppfyller regelverket (myndighetene sine krav til helse, miljø og tryggleik).

Når utleigaren blir klar over at båten vil bli forseinka, eller at han ikkje vil vere i forskriftsmessig stand, skal han straks gi beskjed til leigetakaren.

Dersom leigetakaren kan dokumentere tap som følgje av misleghald frå utleigaren si side, skal utleigaren erstatte tapet. Dette gjeld likevel ikkje når utleigaren godtgjer at misleghaldet skyldast hindringar utanfor hans kontroll og som han ikkje med rimelegheit kunne forventast å ha rekna med (force majeure).

4. BRANN, TJUVERI, SKADE, FORSEINKA TILBAKELEVERING

Dersom det oppstår brann, blir utført tjuveri eller innbrot eller anna forsikringsskade i leigetida, skal leigetakaren straks melde frå til utleigaren og forsikringsselskapet. Tjuveri og innbrot skal også meldast til næraste politistasjon eller lensmannskontor.

Andre skadar skal meldast til utleigaren, og partane blir einige om korleis leigetakaren skal forhalde seg. Dersom leigetakaren i leigeperioden blir klar over at tilbakelevering vil bli forseinka, skal han straks informere utleigaren om det.

5. AVBROT

Dersom båten ikkje kan brukast i ein del av leigeperioden og dette skyldast forhold som utleigaren er ansvarleg for, skal leiga avkortast forholdsvis. Er avbrotet langvarig, kan leigetakaren gå frå avtalen dersom formålet med leigeforholdet blir vesentleg endra for han. Leigetakaren kan krevje erstatning for den skade han blir påført når båten ikkje kan nyttast som avtalt.

6. OVERDRAGING AV AVTALAR

Dersom leigetakaren er avskoren frå å bruke båten i den avtalte leigetida, kan han overdra avtalen til ein annan. Utleigaren kan ikkje motsette seg ein slik avtale utan at han har særskilt grunn til det.

7. DIVERSE

Båten skal leverast og tilbakeleverast i reingjort stand, og med full drivstofftank.

8. TVISTAR

Eventuelle tvistar kan bringast inn for forbrukarrådet i regionen der klagen bur, eller reisast som sak for dei alminnelege domstolane.

SJÅ GJELDANDE REGELVERK:

Forskrift 20. des. 2004 nr. 1820 og forskrift 14. juni 1996 nr. 580 (oppheva).

Sjøfartsdirektoratet har nyttig informasjon om CE-merking av fritidsbåtar som du finn på <http://www.sjofartsdir.no/>.

Dei kan også kontaktast på telefon 22 45 45 00.

Forbrukarrådet har utarbeidd faktainformasjon om produkttryggleik og miljøval, i tillegg til ein miljømerkeguide. Her finn du råd, rettar og informasjon om miljømerke som kan hjelpe deg med å ta trygge val for miljøet og di eiga helse.

Både faktainformasjonen og miljømerkeguiden finn du på <http://forbrukerportalen.no> og ved å kontakte Forbrukarrådet.

forbrukerportalen.no

FORBRUKARRÅDET The Consumer Council of Norway
Postadresse: Pb. 4594 Nydalen, 0404 Oslo, E-post: post@forbrukerradet.no
Publikumstelefon: 815 58 200 - Sekretariatstelefon: 23 40 05 00 - Telefaks: 23 40 05 04

Andre kontraktsformularar frå Forbrukarrådet kan lastast ned frå <http://forbrukerportalen.no>

© Forbrukarrådet • Opplag: x xxx • xx/xx • Trykk: Lobo Media AS



FORBRUKARRÅDET